

# **Breim Vilt- og Fiskelag, sone 1, sine hytter: i Svartebotnen, Trollebotnen og ved Nonselv-vatnet**

## **INFORMASJON TIL VÅRE GJESTER**

**Hyttene er utrusta med kjøkenutstyr, teppeposar og gass for koking og oppvarming. Ved bruk av teppeposane må lakenposar nyttast. Hugs òg å ta med kjøkenhandklede og dopapir.**

### **Ang. gassomn og gassbluss:**

I Botnabu og Fossheimshytta er gassflaskene plasserte i ei kasse på utsida av hytta. Dei to andre hyttene har gassflaske i omnen, her må ein og ta med ein gassboks for kokeapparatet.

Ved bruk av gass må brytar på toppen av den tilkopla flaska vippast over slik at flammesymbolet vender opp. Hugs å stengje denne når folk søv i hytta, og før avreise! Om skifte av gassflaske vert naudsynt, sjå instruksjon på inntaksventilen. Gassomnane har elektrisk tenning og er utrusta med tryggingsbrytar. Bruk ikkje unødige med gass.

**Svært viktig:** Sørg for ventilasjon ved bruk av omn og kokeapparat

### **Rydding og vasking:**

Hytta og tilhøyrande kjøkenutstyr skal vaskast grundig før avreise. Dette inkluderer fjerning av søppel og matrestar. La heller ikkje klede eller sko ligge att, hyttene er for små til oppbevaring av privat garderobe. Grunna det sårbare miljøet i fjellet, skal ikkje rusk brennast eller lurast under steinar, men takast med heim. Vask også utedoen og ta dorullkjernane med. Kast heller ikkje rusk i doen.

### **Røykvarslar:**

All røyking skal gå føre seg utanfor hytta, og batteri skal ikkje fjernast frå røykvarslaren. Kontroller gjerne om den virkar, om ikkje, gjev beskjed ved innlevering av nøkkel.

Ha eit fint opphald!

Helsing Breim vilt- og fiskelag sone1.

